



10 gode  
grunnar til å  
vera  
konfirmant i  
kyrkja



1. Du får oppleve kva kristen tru er.  
Det er meir enn eit skulefag.

2. Konfirmasjonsdagen er berre din,  
og du har ein dag der du blir  
bekrefta for den du er.

3. Du får oppleve eit nytt fellesskap  
med andre på samlingar, leir eller  
weekend, og bli kjent med fleire.

4. Du får engasjere deg for andre  
menneske. Du får også lære kva vi  
kan gjere for å ta vare på jorda og  
klimaet vårt.

5. På konfirmasjonsdagen får dei  
som er glad i deg feire deg.

6. Du får tid til å reflektere over  
store spørsmål, og bli kjent med  
kva du trur på – og kva som er  
viktig for deg.

7. I konfirmasjonstida pratar vi om  
sorg og glede, om dei store og små  
spørsmål i livet.

8. Du får tid til å reflektere, tenkje  
kritisk og sjølvstendig om tru og  
kva kristendom er.

9. Du blir del av eit større  
fellesskap. Berre sjå på  
[#konfirmantene](#) på TikTok!

10. Du møter folk med ulike  
meningar, og saman med dei lærer  
du noko felles.

Helsing oss i Den norske kyrkja i Kvam  
Kontakt: [post.kvam@kyrkja.no](mailto:post.kvam@kyrkja.no)  
Eller [ma382@kyrkja.no](mailto:ma382@kyrkja.no) (Kateketen)



DEN NORSKE KYRKJA  
Kvam

NO  
ER DET DIN  
TUR

KONF  
IRM  
AN  
20 ✠ 24



DEN NORSKE KYRKJA  
Kvam

Ei tid for  
fellesskap og  
til å tenkje  
sjølv



## Velkomen som konfirmant i kyrkja i Kvam Neste år kan du feire konfirmasjonsdagen din i kyrkja!

I konfirmasjonstida får du læra meir om GUD og DEG sjølv. Du får høve til å utforske nokre av dei mange spørsmåla i livet saman med andre. Vi snakkar om livet - på godt og vondt. Samstundes vil du oppleve mykje nytt.

Vi håpar du vil vera konfirmant hos oss!

### KVA ER KONFIRMASJON?

Ordet konfirmasjon kan bety både «å stadfeste» og «å gjere sterk».

Eit høgdepunkt i konfirmasjonsgudstenesta er når det vert bede ei bøn for deg. I bønna ber vi Gud om å velsigne deg og å styrkje deg på vegen din vidare i livet.

Det viktigaste med konfirmasjonstida er å være ein del av eit fellesskap og bli betre kjent med den kristne trua.

Konfirmasjonen er ei påminning om at Gud i dåpen sa ja til å vera ein del av livet ditt.

### KONFIRMASJON ER FOR ALLE

Alle er velkomne til konfirmasjonstid i kyrkja— både du som trur, tvilar, er usikker, ikkje trur, ikkje har tenkt på sånt før eller er nysgjerrig.

Alle menneske er ulike, og treng ulike tilpassingar. Uansett funksjonsevne har du rett til ei god konfirmanttid. Har du behov for individuell tilrettelegging, er det berre å ta kontakt med kyrkja. Send epost til [ma382@kyrkja.no](mailto:ma382@kyrkja.no)

Døvekyrkjene har eigne tilbod med undervisning på teiknspråk i teiknspråkmiljø for deg som er døv/hørselshemma. Sjå meir på [dovekirken.no](http://dovekirken.no).

### KONFIRMASJONSTIDA

- Vekesamlinga
- Valfrie aktivitetar
- Gudstenester
- Innsamlingsaksjon (Kirkens Nødhjelp)
- Konfirmantleir

Meir om kva vi gjer i konfirmanttida og semesterplan kjem på [www.kyrkja.no/kvam](http://www.kyrkja.no/kvam)

### KONFIRMASJON OG DÅP

Er du ikkje døypt og lurar på om du likevel kan bli konfirmert i kyrkja?

Klart du kan, og du er heller ikkje åleine!

Over tusen ungdomar vert døypt kvart år i forkant av konfirmasjonen. Du får god informasjon på førehand og på sjølve dåpsdagen har du med deg dine næraste i ein fin seremoni.

Ta kontakt for meir informasjon.

### KONFIRMANTLEIR

**KonFACTION Vest 2024**, veke 9 (vinterferien)  
Leir med gode opplevingar saman med venner og fleire leiare.

### OPPSTART:

Info-møte: uke 35-36

Sjå brosjyra med viktige datoar.

## PÅMELDING

Gå inn på [www.kyrkja.no/kvam](http://www.kyrkja.no/kvam)



og fyll ut skjema for innskriving under fana konfirmasjon.

Dersom du ikkje veit alt som skal fyllast inn, skriv det du veit og send inn, så ordnar vi det som manglar seinare.


**Ynskjer de spesiell tilrettelegging ynskjer vi også informasjon om dette tidleg.**

**Frist for påmelding: 30.juni**

Ved spørsmål,

Kontakt: [ma382@kyrkja.no](mailto:ma382@kyrkja.no) (Kateketen)

## Opplev livet som konfirmant på TikTok #konfirmantene



For at du skal få et innblikk i hva kirkelig konfirmanttid går ut på, har årets kull delt fra livet som konfirmanter på TikTok **#konfirmantene**.